

Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Følgjebrev for søknad om tiltak på Gnr: 419 Bnr: 1

Tiltakshavar ynskjer å byggje på og utbetre eksisterande våningshus.

Det er drift på garden og tiltaket vert om lag 114m frå sjø.

Ifølgje gardskart frå NIBIO er arealet «bebygd mm.», ein er rett innom overflatedyrka jord med terrasse mot nord ifølgje kartet.

Men i røynda (sjå vedlagte bilete F5-6) går denne grensa langs med steingard, ein er innanfor denne med tiltaket, såleis råkar ein ikkje noko av det som i røynda er dyrka mark.

Steingarden blir sjølvsagt ikkje råka på noko måte av tiltaket.

Tiltaket omfattar; tilbygg mot vest og aust, reising av eksisterande hovudtak med 500mm samt terrasse på loft og i hovudetasje mot nord og aust.

Rom som vert nye/endra:

- Auka areal i kjellar (bod).
- Større kjøkken i hovudetasje.
- Auka areal i stove i hovudetasje (kjøkken flyttast inn i tilbygg).
- Større bad i hovudetasje.
- Større entrè i hovudetasje.
- Nytt vaskerom/bod i hovudetasje.
- Nytt bad på loft.
- Ny loftstove på loft.
- Større soverom 4 på loft.
- Eksisterande kott på loft vert fjerna.

Det vert og mindre endringar av innvendige veggjar og dører, samt flytting av vindauge og ytterdør i kjellar for å gjere plass til tilbygget.

Innvendig trapp frå hovudetasje til loft utbetrast, men står på same plass, eksisterande trapp tilfredstiller ikkje dagens krav.

Det vert ingen endringar i terrenget, har difor ikkje laga terrengsnitt.

Areal der tilbygga vert plassert er flatt og eignar seg til direkte plassering av fundament.

Såleis er det heller ikkje med ansvarsrett for grunnarbeid.

Når det gjeld tilgjengelegheitskrav lar det seg ikkje gjere å greie stigningsforhold på 1:15/1:12 iht. krav i TEK17.

Huset er utforma med ei høgd frå terreng og opp til inngangsparti på 1,9m, dette gjer att det ikkje på nokon måte går an å lage rampe som tilfredstiller krava.

På grunn av bustaden si plassering og utforming kan ein heller ikkje heve terrenget rundt. Siste alternativ hadde vore å flytta inngangspartiet til vest sida, her er terrenget ein del høgare, men dette vil krevje enormt store ekstra kostnader, då ein måtte speglvendt både bad og kjøkken som eksisterer i dag.

F-2



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035

I tillegg er ikkje inngangsparti på denne sida gunstig verken værmessig eller utsynsmessig for kjøkkenet sin del.

Ein lenar seg difor på TEK17 §8-5 (2), og tar utgangspunkt i att krav om tilgjengelegheit fell vekk.

Det var ingen merknadar på nabovarselet.

Våningshuset er SEFRAK registrert med følgjande informasjon:

Navn

Våningshus, Risnes

Bygningstype

Våningshus

Tidsangivelse

1800-tallet

SEFRAK-ID

1260-0102-066

Bygningsnummer

176111712

Huset er på- og ombygd i fleire omgangar, i tillegg har det vore jamnleg vedlikehaldt og oppgradert, så det er er ikkje mykje att av det opphavlege.

Men det som var original huset (ikkje dei førre tilbygga mot aust og vest) har tømmerveggar som tiltakshavar tidligare har «henta fram», sånn at dei er synlege innanfrå.

Det vert ikkje reve noko av dei gamle tømmerveggane i forbindelse med tiltaket.

Uttrykket på huset etter tilbygg og heving av taket vert omtrentleg det same som det originale hovudhuset, men ein får vekk 1960 tals tilbygget mot vest, som på grunn av låg takvinkel og dårlig arbeid verken er tett eller fint.

Ein vil og få mykje betre utnytting av loftsetasje og betre tilpassa hovudetasje.


Terrassane mot aust og nord gjer lune og gode uteareal.

I tillegg vil terrassen i hovudetasjen tettast, sånn att ein kan nytte arealet under til utandørs oppbevaring.

Det er uvisst for tiltakshavar kva årstal huset vart ført opp, har difor ikkje kryssa av for «Berører tiltaket byggverk oppført før 1850» på blankett 5174.

Underteikna har ikkje henta inn uttale frå fylkeskommunen, då bygningen ikkje er registrert freda, berre Sefrak registrert.

Reknar med att de sender på høyring til dei det måtte gjelde, vere seg kulturminnemynde eller eventuelt fylkeskommunen.



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Søker med dette om unntak etter PBL §31-2.

Kommunen kan gi tillatelse til bruksendring og nødvendig ombygging og rehabilitering av eksisterende byggverk også når det ikke er mulig å tilpasse byggverket til tekniske krav uten uforholdsmessige kostnader, dersom bruksendringen eller ombyggingen er forsvarlig og nødvendig for å sikre hensiktsmessig bruk. Kommunen kan stille vilkår i tillatelsen. Departementet kan gi forskrifter som nærmere regulerer kommunens adgang til å gi tillatelse etter leddet her.

Unntaka det søkjast om fråvik frå TEK på er:

- Energi/ventilasjon (sjå nærare spesifisering under).
- Romhøgde i hovudetasje TEK17 §12-7 (2), difor og dørhøgde på 2m (TEK17 §12-13 (2) e).

Når det gjeld energi vil det på grunn av usikkerheiten knytt til eksisterande bygningsmasse ikkje la seg gjere å energiberekne tiltaket.

Me støtter oss difor på TEK17 §14-2 (2).

Golv:

Når det gjeld tilbygget mot aust må dette førast opp som bjelkelag med stubbeloft.

På grunn av høgde på den gamle grunnmuren og det eksisterande bjelkelaget vil ein måtte ha så lik dimensjon som mogleg i forhold til det eksisterande for å ikkje få veldig låg høgde i kjellar eller nivåforskjell oppe.

Me kan bruke 48x198 bjelkar med 23mm påføring under, då får ein litt mindre høgde nede enn det eksisterande, men likevell akseptabelt.

Dette vil gje oss ein U-verdi på 0,171, kravet til golv iht. TEK17 er 0,10, mens minimumskravet er 0,18.

Me vil såleis greie minimumskrava, men ikkje krav generelt, søker difor om fråvik for U-verdi i golv i tilbygg mot aust.

Golv i tilbygg mot vest bli støypt plate, her er det såleis ikkje noko problem å greie U-verdi iht. TEK 17 §14-2 (2).

Tak:

Taksperr er prosjektert med dimensjon 48x198 mtp. last, krav til U-verdi i tak iht. TEK er 0,13.

Det oppnår ein ved å føre på 98mm, men då mister ein veldig mykje av rommet på loftet.

Å heve taket ytterligare vil heller ikkje vere noko god løysing, det vert dyrare generelt, mindre fint arkitektonisk og mindre hensiktsmessig med tanke på endå høgare bustad.

Me har planlagt å legge oss på dei nemnte 198mm samt å påføre med 48mm på innsida, det gjer oss ein U-verdi på 0,156, minimumskrav iht. TEK er 0,18.

Så ein er innanfor minimumskrav, men me greier då ikkje krav generelt på 0,13.

Søker såleis om fråvik for U-verdi i yttertak generelt.

Vegg og vindauger/dører:

Veggar og nye vindauger/dører tilfredstiller krav til U-verdi iht. TEK 17 §14-2 (2).

Ventilasjon og luftlekkasjetal:

Ein søker om fråvik frå nr 6. og 7. som omfattar ventilasjonsanlegg (sjå avsnitt under) og nr 8. luftlekkasjetal.

F-4



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Når det gjeld ventilasjon har den eksisterande bustaden mekanisk ventilasjon på kjøkken og bad som sikrar gjennomstrømming av luft frå kasseventilar i vegg og spalteventilar i vindaug.

Det er moglegheit å opne minimum 1 vindaug i opphaldsromma.

Løysinga sikrar minimumskrava med tanke på m³ pr time pr m² golvareal.

Denne løysinga ynskjer ein og å bruke i tilbyggsdelane og, då det er lite hensiktsmessig og vanskeleg å ettermontere ventilasjonsanlegg for heile bustaden.

Både på grunn av tømmerveggar, men og fordi ein ikkje skal gjere noko med etasjeskiljaren.

Me søker såleis om fråvik frå krav om ventilasjonsanlegg.

Når det gjeld luftlekkasjetal vil ein på dei nye bygningsdelane utføre desse iht. krava, men ein oppnår ikkje «tett» nok bygg på grunn av eksisterande bygningsmasse, som ikkje skal gjerast noko med.

Romhøgde i hovudetasje er i dag 2,2m.

På grunn romhøgda og overdekning/bæring over dører er desse 2m høge total, noko som gjer ein fri opning på 1,94m.

Det skal ikkje gjerast noko med etasjeskiljar, difor vert det enorme kostnadar og ein skulle heve dette berre for å oppnå romhøgde på 2,4m i rom for varig opphold og fri dørhøgde på 2m.

Huset har fungert med denne rom- og dørhøgda i over 100år, så eg vonar att det heller ikkje vert noko problem i framtida.

Søker såleis om fråvik frå krav om romhøgde.

Tiltaket elles innfrir krav iht. TEK.

Sandane 16.03.2020

Ansvarleg søker: Marius Tenden

F-5
Bilete av våningshus på Gbnr: 419/1



F-6



F-7



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Fullmakt

Eg gjer med dette Marius Tenden som ansvarleg søker for byggjesak på Gnr 419 Bnr 1, fullmakt til å signere på mine vegne i denne saka.

Tiltakshavar:

Thomas Risnes

Risnes 02/03 2020

Stad/Dato